


SAMLA SAKSFRAMSTILLING



Arkivsak: 02/01490-017669/04

Saksbeh.: Arvid Birkeland

Arkivkode: 024

Saksnr.: Utval

Møtedato

0046/04 Utval for levekår

12.10.2004

SAMLA SAK - SATS - SAMORDNING AV AETAT, TRYGDEETAT OG SOSIALTENESTE

Innstilling:

Administrasjonen si innstilling:

Samordning av Aetat, trygdeetat og kommunane sine sosialtenester bør gjennomførast så snart som råd er og leggjast til det kommunale forvaltningsnivå.

Utval for levekår den 12.10.2004 sak 0046/04

Behandling i møte:

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Samordning av Aetat, trygdeetat og kommunane sine sosialtenester bør gjennomførast så snart som råd er og leggjast til det kommunale forvaltningsnivå.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

KS sats på kommunene. Kommentarer til Rattsø-utvalget

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Det såkalla Rattsøutvalet har no levert sin innstilling der dei greie ut ulike samordningar av Aetat, trygdekontora og sosialkontora. Voss kommune er sterkt kritisk til konklusjonane i rapporten.

Fire modellar er drøfta. Stikkord her er fleire etatar og fordeling av ansvar mellom stat og kommune. KS har laga ein uttale til saka som stør eit heilskapleg kommunalt ansvar innanfor dette feltet. Voss kommune er høyringsinstans i saka.

4. FAKTA OM SAKA:

NOU 2004:13 med tittelen: "En ny arbeids- og velferdsforvaltning, med undertittelen: om samordning av Aetats, trygdeetatens og sosialtjenestens oppgaver. Utvalet tilrår det som vert kalla statleg arbeidslinje, som er ein etat for arbeid og inntekt og ein etat for pensjonar og

kommunen får framleis ansvar for økonomisk sosialhjelp. Utvalet gjer og framlegg om innføring av ein ny statleg arbeidssøkjarstønad.

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Innhaldet i den nærast 300 sider lange utgreiinga kan langt på veg diverre speglast i stor grad av samansetjinga av utvalet. Med eit tungt innslag av forskarar har ikkje utvalet fått med seg den viktigaste sanninga som premiss for sitt viktige arbeid. Nemleg brukarane og deira trong for eit samla tenesteapparat.

Kommunane bør få ansvar for dagpengar, attføring og arbeidsmarknadstiltak. Ein slik modell ville kunne samordnast med introduksjonsstønad, norskopplæringa og helsetenestene. Slik me les utvalet sitt arbeid avviser dei eit heilskaplege kommunalt ansvar, utan ein gang å ha greidd ut ein slik modell.

Ein kommunal modell har opplagte fordelar, ein er den nære tilknytning til det lokale næringsliv og til kommunen sine tilbod innan helse, rehabilitering og omsorg, skule og vaksenopplæring.

Kommunesektoren er den viktigaste leverandøren av velferdstenester i Noreg. Legitimiteten for kommunesektoren handlar om at innbyggjarane aldri er i tvil om kven som har ansvaret for kvalitet og innhald i tenestene. Det er evna til å forvalta og løysa desse oppgåvene, som kommunesektoren vert målt på av innbyggjarane.

Ein framtidsretta velferdspolitikkk må møta innbyggjarane sine behov og rettar og gje dei høve til val i tenestetilbodet utan at dette går ut over heilskaplege prioriteringar på tvers av sektorar, brukargrupper og fellesskap. Ei vidare samordning av Aetat, trygdeetat og dei kommunale sosialtenestene er nødvendig, og bør samordnast av kommunane for best å ivareta brukarane sine behov.

Rattsutvalget trekk altså konklusjonar på et dårleg faktagrunnlag, ikkje minst når det gjeld sosialklientane. Kvifor ikkje hauste lærdom av dei gode forsøka på samordning som trass alt er gjennomført.

Utvalet har på ein god måte uttrykt kva problemet er når dei skriv i samandraget på side 13, andre spalte og avsnitt.

”Tilbakemelding utvalget har fått fra brukerorganisasjonene og brukerrepresentanter peker entydig på at bedre samordning er nødvendig for å møte denne utfordringen. Dagens organisering av arbeids- velferdsforvaltningen betyr både at mange brukere med utgangspunkt i samme behov må forholde seg til flere etater, og at mange brukere blir gående for lenge på passive stønader før de får tilbod om aktive tiltak. Dette gjelder først og fremst brukere som trenger hjelp fordi de ikke har arbeid, eller står i fare for å falle ut av arbeidslivet”.

Og det er difor underleg når utvalet gjer framlegg om ein etat for arbeid/inntekt, ein etat for pensjonar og så seier noko om sosialhjelp og ny statleg arbeidssøkjarstønad. Utvalet har nemleg ikkje på noko truverdig måte fått fram at denne modellen vil stetta den målsettinga som er sitert over. Dette er ein klar og grunnleggjande veikskap med utvalet sitt arbeid.

Me her kjem meir når utvalet sin leiar i følgje Kommunal rapport seier:

”Kommunene er gode til å ivareta sine innbyggers interesser. Men de er ikke gode til å ivareta interesser ut over kommunenes grenser”, reiser det mange spørsmål om kva som er meint. Er

det kommunegrensene som bør endrast dersom kommunane skal få ansvaret er kanskje det mest nærliggjande spørsmål som dukka opp.

Trua på staten er altså så stor i utvalet si tilråding at det skulle ha vore interessant å få "målt" denne trua på andre viktige områder i samfunnet.

Men det mest oppsiktsvekkjande med utvalet sitt arbeid er når dei i følge Kommunal Rapport av 19. august seier at:

"Utvalget sverger til prinsippet om at den som har ansvaret for finansieringen, også bør ha ansvar for de beslutningene som påvirker kostnadene." Kva konsekvenser det vil føra til om dersom dette prinsippet skal vera overordna og få gjennomslag i høve til anna organisering av offentlig forvaltning i kongeriket Noreg?

Voss kommune vil hevda at det er ein god modell å slå i hop Aetat, trygdekontor og sosialkontor og la kommunane få ansvaret. Då sikrar ein brukar i sentrum, fordi det vert nærleik mellom dei som yter og dei skal få. At ytinga frå det offentlege også vert samordna er eit godt svar i høve problemformuleringa som er sitert før i denne artikkelen. I tillegg vil alle brukarar tena på innføring av ein slik modell.

Det eksisterer imidlertid utfordringar med tanke på organisering på det enkelte kommunenivået. Dette gjeld særleg naudsynt samordning av arbeidsmarknadstiltak innan dei enkelte bu-, arbeids- og sørvisregionane. Me tilrår difor at det vert sett i gang prøveprosjekt på kommunemodellen i alle fylke.

Rattsøeutvalet sin tilråding vil etter vårt syn kunne føre til eit A og B-lag¹, der staten berre forheld seg til A-laget av brukarane medan kommunane får ansvaret for resten. Då vert det lett slik at kommunane får balet med å gjera den einskilde klar nok og god nok til å koma på A-laget slik at han/ho kan koma i eit "betre lag" og få statleg hjelp.

Eit hovudproblem har til nå vore kven arbeidslinja eigentleg er til for. Det har vore ei "konfliktlinje" mellom trygdekontoret og sosialkontoret på den eine sida og Aetat på den andre om kven som skal få hjelp til å koma i arbeid.

Rattsøeutvalet foreslår å overføra mange målgrupper til ein ny og utvida Aetat (utvida med trygdekontoret sine stønadmottakarar under 67 år og reelle arbeidssøklarar frå sosialkontoret). Den nye etaten har fått namnet etaten for arbeid og inntekt og skal etter utvalet si meining vera statleg.

For de sosialklientane som vert overført, det vert snakka om ca. halvparten, spørst det kor mange av dei som vil koma attende til sosialkontoret på grunn av at dei ikkje oppfyller arbeids/inntektsetaten sine krav til å vera aktuell for arbeidslivet. Det vil kanskje vera dei same som Aetat og sosialkontoret har konflikstar om i dag. Om dei er reelle arbeidssøklarar etter Aetat sin definisjon er problemet mindre. Får dei tiltak gjennom Aetat får dei òg inntektssikring i Aetat i dag. Ved den nye etaten vil det opprettast ei statleg sosialhjelp. Rett til den nye sosialhjelpa ved jobbetat vert avgrensa til:

- personar som er arbeidsføre
- som søker arbeid aktivt og
- som er villig til å ta eit kvart arbeid lønna etter tariff

Den nye statlege sosialhjelpa vil vera kjenneteikna av standardisering, regelorientering og kontroll. Brukarorientering krev langt meir enn standardisert stønad med regelorientering og kontroll, dersom ein skal hjelpa personar med alvorlege vanskar.

¹ Eit A-lag som har rett på arbeidssøklarstønad (dei verdige) og resten, B-laget er kommunane si utfordring.

Sosialkontoret sine klientar vert framleis:

- dei som ikkje vert klassifisert som reelle arbeidssøkjjarar
- dei som ikkje følgjer opp krava i den nye etaten, om aktivitet, om å ta dei tiltaka og jobbar dei vert tilvist og om nødvendig å flytta
- dei som misser uføretrygda
- dei som har brukt opp rettane sine ved den statlege etaten. Det kan vera dei som
 - o har vore på rehabilitering, men er for sjuke til attføring og ikkje dekkjer krava til uføretrygd
 - o har gått ut tida på trygd, men ikkje kome i jobb
 - o har gått ut tida på overgangsstønad, men ikkje har kome i jobb
 - o har gått ut tida på den nye jobbsøkjjarstønad i den nye arbeid/inntektsetaten
- dei som får så lite utbetalt gjennom statlege ordningar at det ligg under det den rettleiande norma har sett for sosialhjelp og såleis kan få supplerande sosialhjelp
- dei som er i ein ekstraordinær situasjon og har behov for supplerande sosialhjelp over tid
- dei som har behov for naudhjelp i ein akutt økonomisk situasjon

Utvalet si innstilling løyser ikkje ”kasteballproblematikken”.

Ut frå utvalet sitt forslag vil arbeid/inntektsetaten og sosialkontora få overlappende målgrupper utan noko felles overordna leiing. Kommunane får ansvaret for sosialkontora, men arbeid/inntektsetaten vert foreslått lagt til staten. Dermed vert det heller ikkje etter utvalet sitt forslag noko politisk eller administrativt organ som har ei heilskapleg oversikt eller høve til å koordinera hele spekteret av ytingar og tiltak. Administrativt kan handsaminga av supplerande ytingar nå verta langt meir arbeidskrevjande.

Ved einskaplege system/tenester vil ein kunna redusera kasteballproblematikken, auka stabiliteten mellom sakshandsamar og klient, redusera stigmatisering og det at ein veltar kostnader over på ein annan instans og redusera administrative kostnader.

Det opphavlege mandatet var å utgreia ei einskapleg teneste, noko innstillinga ikkje oppfyller slik det no ligg føre.

Med Rattsøeutvalet sitt forslag til organisasjonsmodell for arbeids- og velferdsforvaltninga vil kommunane si rolle som lokale samordnarar for velferdsinnsatsen og arbeidslinja verta redusert. Samordning lokalt og tilpassingar i kommunane for ulike tiltak, er avgjerande for å få sett i verk arbeidslinja. Utan denne samordningskrafta, vil resultatet framleis kunne vera trygdelinja og fleire passive stønader.

Det overordna målet i denne saka må nemleg vera å laga eit betre system for å realisera nasjonale målsetjingar om fleire i arbeid og færre på trygd. For å sikra innbyggjarane eit godt velferdstilbod må arbeidet og arbeidslinja vera hjørnesteinen i velferdspolitikken. Velferdsforvaltninga må difor vera organisert slik at den er i stand til å iverksetja arbeidslinja på ein effektiv måte. Dette er helt grunnleggjande og avgjerande for vidareføring av eit forutsigbart velferdstilbod til innbyggjarane i form av trygdeytingar og ulike velferdstenester.

Hovudspørsmålet er korleis ein best skal realisera ein aktiv velferdspolitikk som ikkje berre får klientane effektivt ut av klientrolla, men som òg førebyggjer at menneske hamnar i denne rolla og reduserer negative konsekvensane av passviseringa.

Ny organisering må sjåast i samanheng med resultata som er oppnådd:

- På mindre enn ti år har talet på uføretrygda auka frå 230 000 til over 300 000, ein auke på 25 %.

- For ti år sidan var det fleire industriarbeidarar enn uførepensjonistar i landet, no er det fleire uførepensjonistar.
- Utgiftene pr. innbyggjar i alderen 16- 66 år til sjukepengar, rehabiliteringspengar og uførestønad har i same periode auka med 60 %, målt i faste kroner.
- I år reknar ein med at utgiftene til Folketrygda vil auka med om lag 15 milliardar kroner, der mindre enn ein tredel skuldast auka utbetalingar i alderspensjon.

Statens sin praksis har altså vore det ein kan kalle trygdelinja, finansiert m.a. ved å svekkja kommuneøkonomien.